



**Karokedisco kan på ingen måte måle seg i popularitet med EDO live i Uskedalen. Den konklusjonen kan vertskapet på Vertshuset trekke ved å samanlikna oppslutnaden. Medan det uslitelege, lokale bandet hadde kjempesuksess på staden for stutt tid sidan møtte det berre 35 då Optimal Booking frå Bømlo stilte opp med eit gjennom profesjonelt karaokestudio laurdag kveld. Det markerte sesongslutt for Vertshuset.**

Bømblingane hadde også ein karaokemeny som det var grunn til å verta imponert over. Men den frista ikkje så mange av dei frammøtte, sjølv om nokon prøvde seg på ein skilde av dei gamle sviskene (biletet).

- Eg hadde i alle fall håpa at det skulle koma så mange som 50, sa vertshuseigar Røssland til uskedalen.no Men dette var i alle fall ein interessant marknadstest.

Til trøyst for mange kan vi minna om at EDO kjem att på Vertshuset - til julebordsesongen!

(Foto: Ola Matti Mathisen)

PS: Etter at dette var skreve auka gjestetallet til 50 og etter midnatt vart det god karaokestemning med mange som song.

- Fleire framtidige songstjerner frå Uskedalen optrådte, melder vertskapet.